



«Hald meg i handa, fortel meg

kva som skjer» - Ei litteraturstudie om ikkje-

medikamentell handtering av delirium.

"Hold my hand, tell me what's

going on" - A literary study on non-

pharmacological managing of delirium.

Kandidatnummer: 337

Bachelorutdanning i sjukepleie

Høgskulen på Vestlandet v/Campus Førde

12/12/22

Samandrag

Tittel: «Hald meg i handa, fortel meg kva som skjer» - Ei litteraturstudie om ikkje-medikamentell handtering av delirium.

Bakgrunn: Delirium er ein tilstand der pasienten opplever akutt funksjonssvikt. Tilstanden kan lett oversjåast, eller bli mistolka. Eldre pasientar, over 65 år, er særleg utsett, og kan oppleve uheldige konsekvensar som følgje av tilstanden: forlenga sjukehusopphald, auka kognitiv svikt, auka hjelpebehov og verste utfall død. Samansetting av sårbarheita hjå pasientane og utløysande faktorar er årsak til delirium. Medikament i behandling av delirium har ikkje dokumentert effekt, og kan gi negative påverknadar for pasienten. Sjukepleiarar står i god posisjon til å kunne handsame delirium ikkje-medikamentelt ved hjelp av god sjukepleie.

Problemstilling: Korleis kan ein som sjukepleiar yte god ikkje-medikamentell behandling til eldre pasientar med delirium?

Metode: Faglitteratur, pensum og forskingsartiklar har gitt grunnlaget for ein litteraturstudie. Gjennom systematisk søk i Academic Search Elite, Cinahl og MEDLINE blei det funne 4 forskingsartiklar, av kvalitativ og kvantitativ design som er nytta i drøftinga.

Resultat: Funna påpeikar aukande interesse for ikkje-medikamentell ivaretaking av pasientar med delirium. Ein ser ulike intervensjonar, samt auka fokus på kunnskap hjå sjukepleiar og samhandling for å bryte barrierar.

Konklusjon: Auka fokus på kunnskap hjå personalet, samansett og personsentrert sjukepleie for å ivareta grunnleggande behov hjå pasient i aktivt delirium og fokus på å bryte barrierar som hindrar god handtering av delirium er gode intervensjonar for god handsaming av pasientar med delirium for å redusere negative konsekvensar etter opplevd delirium.

Nøkkelord: Delirium, ikkje-medikamentell behandling, grunnleggande behov, kunnskap og barrierar

Summary

Title: “Hold my hand, tell me what’s going on” – A literary study on non-pharmacological managing of delirium.

Background: Delirium is a condition patients experiences acute functional impairment. The condition can easily be overlooked and misinterpreted. Elderly patients, over the age of 65 years, are particularly vulnerable, and may experience unfortunate consequences: longer hospital stays, cognitive impairment, increased need for assistance and in worst case death. A combination of predisposing factors and triggering factors cause delirium. There is no documented effect of medical treatment of delirium, however it could add further negative impacts. Nurses are in a good position to treat delirium non-pharmacological with help of good nursing.

Research question: How can nurses promote good non-medical treatment for elderly patients suffering delirium?

Methods: Non-fiction, syllabus and research articles have provided the basis for this literature study. Through a systematic search in Academic Search Elite, Cinahl and MEDLINE, 4 research articles were found of qualitative and quantitative design, which are used in the answer.

Result: Increased interest in non-pharmacological management in looking after patients with delirium. The focus is primarily on multifactorial measures, as well as increased focus on knowledge among nurses and interaction to break down barriers.

Conclusion: Increased focus on knowledge among the staff, combined and person-centered nursing to ensure the basic needs of patients with active delirium and a focus on breaking down barriers that prevent good management of delirium to reduce negative consequences after experienced delirium.

Keywords: Delirium, non-medical treatment, basic needs, knowledge, barriers.

Innhaldsliste

1.	Innleiing.....	1
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2	Problemstilling med avgrensing.....	2
1.2.1	Begrepsforklaring: Ikkje-medikamentell behandling.....	2
1.2.2	Begrepsforklaring: Den eldre pasienten.....	3
2.	Teori.....	4
2.1	Delirium – ikkje ein sjukdom.....	4
2.1.1	Risikofaktorar.....	4
2.1.2	Symptom, funn og forlaup.....	5
2.1.3	Førebygging og behandling av delirium.....	6
2.1.4	Kartlegging og diagnostisering.....	8
2.1.5	Prognosar og konsekvensar av delirium.....	9
2.2	Grunnleggande sjukepleie.....	10
2.2.1	Hendersons definisjon av sjukepleiefunksjon.....	10
2.3	Overordna føringar for sjukepleie.....	11
3.	Metode.....	13
3.1	Val av metode.....	13
3.2	Søkehistorikk og val av søkemotor.....	13
3.2.1	Søkehistorikk.....	13

3.3	Analyse og kritikk av kjelder	14
3.4	Kritikk av metode	14
3.5	Etiske refleksjonar	14
4.	Resultat/funn.....	16
4.1	Kunnskap og erfaring	16
4.2	Førebygging og behandling	17
4.3	Barrierer	18
5.	Drøfting	19
5.1	Kunnskap og erfaring - vegen til god behandling	19
5.2	Korleis behandle med ikkje-medikamentelle intervensjonar?	20
5.2.1	Ernæring og væske.	21
5.2.2	Mobilisering	21
5.2.3	Hjelp til å oppfatte informasjon	22
5.2.4	Betydning av familienærvær	23
5.3	Eliminere barrierar for betring av prognose	24
6.	Konklusjon	27
7.	Kjeldeliste	28

FIGUR 1: Risiko og utløysande årsak

TABELL 1: Predisponerande og utløysande årsaker

VEDLEGG

1: Befolkningstabell frå SSB

2 Ikkje-medikamentelle førebyggjande og behandlande tiltak

3 PICO skjema

4 Inklusjon- og eksklusjonskriterier

5: Søkeshistorikk

6: Litteraturmatrise

7: Oversikt over analyserte intervensjonar

1. Innleiing

«Natta nærmar seg. På eit stille sjukehus kavar Per rundt på eit firemannsrom. Han gjer seg klar for å reise på arbeid. Mannen i 70-åra pakkar flittig i kofferten. Handdukar, toalettrullar, tomme medisinbeger. Alt skal med. Den klakkande lyden av rullande koffertjul forsvinn ut dørene. Sjukepleiaren kjem springande i det han svingar mot heisen. «Nei, nei Per, det er natt no!» sei ho strengt medan ho leier Per inn på det mørke rommet. Per skjønar ingenting. «Eg har ei busslast som ventar meg! Eg har ikkje tid til dette!». Stemma hans bryt natteroa, og mannen i trearsenga kremtar som eit varsamt hint om at han også denne natta strevar med å få sove. «Du må sove no. Det er natt.» kviskrar sjukepleiaren i det ho trekk føre forhenget, let døra varsamt att og vender attende til vaktrommet... »

Delirium blei beskrive allereie i Hippokrates si tid (400 f.kr) (Ranhoff, 2020, s. 458–459; Skålevåg, 2021), og blei sett i samanheng med akutt sjukdom, feber og forgifting. Dagens litteratur beskriv diagnosen som akutt forvirring, eller hjernesvikt, som potensielt aukar liggedøgn, funksjonssvikt og kostnader (Ranhoff, 2020, s. 458-459). Pasienten har 3-5 gongar auka risiko for å pådra seg komplikasjonar i sjukehus, lenger opphald i sjukehus og større behov for sjukeheim, samt 10 gongar høgare risiko før død ved delirium (Nasjonalt senter for aldring og helse, u.å.). Vanleg hjå eldre, men underdiagnostisert, og så mange som 11-42% av pasientar over 65 år utviklar delirium ved innleggelse på sjukehus (Neerland et al., 2013, s. 1596). Til tross for hyppig førekomst blir få av tilfella gjenkjent og dokumentert (Nasjonalt senter for aldring og helse, u.å.).

1.1 Bakgrunn for val av tema

Som sjukepleiarstudent har eg observert og handtert pasientar i delirisk fase. Då eit familiemedlem blei innlagt med alvorleg sjukdom og delirium som sekundærproblem, fekk eg på nært hald oppleve hans raske utvikling frå tilsynelatande frisk, til ukjenneleg. Frustrasjon, vandring og få klare augneblink vekte kjensler og sette preg. Eg ynskte etter dette å sjå korleis eg som framtidig sjukepleiar kan gjere ein skilnad hjå pasientar med delirium.

Temaet delirium er aktuelt i eit sjukepleiarperspektiv, då alle personar kan rammast av delirium om påverknaden er kraftig nok (Ranhoff, 2020 s.462). Ubehandla delirium kan gi auka hjelpebehov hos den enkelte pasient, og dermed vere ressurskrevjande både i spesialisthelsetenesta og den kommunehelsetenesta (Tretteteig & Stensson, 2020 s. 105).

Tittelen på litteraturstudien er inspirert av lege Rune Arild Larsen, som opplevde delirium ved alvorleg urinvegsinfeksjon. I ein erfaringsartikkel, legg han vekt på at god sjukepleie, som orientering og ei hand å halde i, er nøkkelen til å kome seg ut av delirium (Larsen, 2019).

1.2 Problemstilling med avgrensing

For å avgrense tema til ei god problemstilling nytta eg Thidemann si bok om bachelorskriving, der ho legg fram hjelpeverktøy til belysning av problemområda eg ynskte å fordjupe meg i (Thidemann, 2019, s. 43-50).

Hovudfokuset er sjukehusinnlagde over 65 år, med særleg risiko for delirium (Juklestad & Aarre, 2018, s. 251). Oppgåva er ikkje avgrensa med kjønn eller deliriums former, då forskingsartiklar i innleiande søk ikkje hadde avgrensingar på dette. Delirium tremens er ekskludert i teori og drøfting grunna mindre tilfelle av dette i dag (Ranhoff, 2020, s. 458). Målet var å tileigne meg kunnskap om faktorar som kan bidra til betre ikkje-medikamentell handtering av eldre pasientar i delirium.

Problemstilling: Korleis kan ein som sjukepleiar yte god ikkje-medikamentell behandling til eldre pasientar med delirium?

1.2.1 Begrepsforklaring: Ikkje-medikamentell behandling

Behandling er tiltaka som blir sett i verk for å kurere eller lindre sjukdom (Bertelsen, 2022, s. 25). Vitskapelege undersøkingar bidreg til at behandlarar har god kjennskap til kva behandling som er mest effektiv til dei ulike sjukdomane (Bertelsen, 2022, s. 25). Medikamentell behandling er alle behandlingar der ein tilfører kroppen kjemiske stoff som eksempelvis morfin intravenøst ved hjarteinfarkt eller penicillin i tablettform ved pneumoni

(Bertelsen, 2022, s. 25). Moment i ikkje-medikamentell behandling av delirium er å tilføre oksygen, korrigere ernæring og væskebalanse, kontroll av tarm- og blære funksjon, justere medisinar, rette opp i søvnforstyringar og leggje til rette for ro og kvile (Nasjonalt senter for aldring og helse, u.å.).

1.2.2 Begrepsforklaring: Den eldre pasienten

I følge det store medisinske leksikon (Engedal, 2019) definerar WHO eldre som personar mellom 60 og 74 år. Frå 75 år og vidare blir definert som gamle. Befolkninga i Norge per 2 kvartal 2022 er 5 435 536 personar, av desse er 1 300 739 frå 60 år til 100+ (Sjå vedlegg 1 for statistikk utrekning) (Statistisk sentralbyrå, u.å.).

Ranhoff (2020, s. 52) beskriv stor variasjonen av helse hjå eldre, då variablane av korleis ein har levd livet er store. To ulike individ på same alder kan ha ulike grad av hjelpebehov (Ranhoff, 2020 s. 53).

2. Teori

I dette kapittelet trekk eg fram relevant teori om delirium, sjukepleie teori og overordna føringar.


2.1 Delirium – ikkje ein sjukdom

I litteraturen blir delirium beskrive som akutt forvirringstilstand der medvitsevne, døgnrytme, orienteringsevne, konsentrasjonsevne og emosjonar hjå pasienten er påverka (Juklestad & Aarre, 2018 s. 249). Sidan det er ei samling av symptom blir delirium omtala som ein tilstand, ikkje ein sjukdom (Ranhoff, 2020 s. 460). Ulike faktorar skal til for å sette pasienten i risiko, både forholda som er hjå pasienten (predisponerande faktor) og forholda som får delirium til å oppstå (utløysande faktor) (Ranhoff, 2020 s. 464). Pasientar med hoftebrot og/eller kognitive svekkingar er særleg utsett (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 464). I oversiktsartikkelen «Delirium hos eldre» angir dei førekomsten av delirium hos innlagde pasientar frå 65 år og oppover, er ein stad mellom 11 og 42% (Neerland et al., 2013, s. 1597). I rapporten «Akutt syke eldre som kommer til sjukehus» (Næss et al., 2019, s. 55) beskrivast det at delirium ikkje blir avdekket eller dokumentert grunna spissa kompetanse knytt til organsjukdom eller multisjukelighet og at fokus på delirium dermed blir svekka.

2.1.1 Risikofaktorar

Når ein snakkar om risikofaktorar for utvikling av delirium ser ein på forholda som var til stades før innlegging (predisponerande faktorar) og dei forholda som kjem til (utløysande faktorar) (Ranhoff, 2020 s. 464). Alle pasientar utsett for akutt sjukdom, eller skade, er i risiko for utvikling av delirium, også ungdom og vaksne (Ranhoff, 2020, s. 264; Tretteteig & Stensson, 2020, s.107). Ein ser at

FIGUR 1: Risiko og utløysande årsak
(Ranhoff, 2020, s. 465).



pasientar med høg sårbarheit, og fleire predisponerande faktorar, treng lite påverknad av utløysande faktor for utvikling av symptom på delirium (Ranhoff, 2020, s. 465). Denne figuren nyttar også Neerland et al. i oversiktsartikkelen «Delirium hos eldre pasienter» (2013, s. 133) for å synleggjere kor lite som skal til for at ein står i fare for å utvikle delirium.

Tabell 1: predisponerande og utløysande årsaker til delirium
(Neerland et al., 2013, s. 1598).

Vanlege risikofaktorar (predisponerande)	Vanlege utløysande årsaker
Høg alder	Hoftebrot
Kognitiv svikt/demens	Kirurgiske inngrep
Depresjon	Infeksjon
Tidligere gjennomgått delirium	Hjerneslag
Omfattande komorbiditet	Akutt koronarsyndrom
Sansesvikt	Dehydrering/ernæringssvikt
Låg kroppsmasse	Metabolske forstyringar
	Smerter
	Polyfarmasi og sederande medikament

I den same forskinga finn ein tabell over vanlege predisponerande faktorar og utløysande årsaker til delirium. Kombinasjonen av predisponerande faktorar, og ein eller fleire utløysande årsaker, kan gjere det vanskeleg å finne årsak til delirium (Ranhoff, 2020, s. 465).

2.1.2 Symptom, funn og forlaup

Ved delirium opplever ein brå debut og fluktuering inn og ut av tilstanden gjennom døgnnet og over dagar, avhengig av kva tilstand og stress pasienten blir utsett for (Ranhoff, 2020, s.459). Sentrale symptom i delirium er at merksemda og konsentrasjonen blir svekka, reduserte kognitive funksjonar som korttidsminne og innprentingsevne, svekking av orienteringsevne og situasjonsinntrykk, hallusinasjonar og paranoia som kan lede til agitert åtferd, forstyringar i døgnrytme og søvnmønster (Ranhoff, 2020, s.459).

Kva type delirium pasienten er i blir beskrive avhengig av kva funn ein har, eller symptom pasienten opplever (Bertelsen, 2022, s. 23). Pasientane opplevast mindre krevjande og skapar mindre uro i avdelinga ved hypoaktivt delirium (Ranhoff, 2020, s. 459). Dei klassiske symptomata for ein pasient i hypoaktivt delirium er svekka merksemd, medvit og redusert

psikomotorikk. Det er blitt observert at dei blir stive i kroppen og bevegar seg lite. Hypoaktivt delirium er i følge Ranhoff (2020, s. 459) den mest alvorlege, men minst erkjente, sjølv om førekomsten er anslagsvis mellom 26-50%. Neerland et al., (2013, s. 1596) seier at underdiagnostiseringa kan vere eit resultat av manglande kunnskap og erfaringar i kognitiv vurdering, mistolking av delirium som demens eller depresjon, eller manglande kjennskap til pasienten sitt premorbide kognitive funksjonsnivå.

Hyperaktivt delirium der ein ser pasienten vandrar, hallusinerer og kan dra ut veneflonar og kateter viser seg mindre vanleg enn kva ein har trudd (Ranhoff, 2020, s. 459). Ranhoff beskriv vidare ei forstyrrende åtferd i avdelinga hjå desse pasientane, og at dei kan vere ei fare for seg sjølv eller andre. Tilstanden kan føre til utmatting, noko som kan vere uheldig ved alvorleg sjukdom som hjerneslag eller hjarteinfarkt. 1/3 av pasientane svingar mellom dei ulike typene, eit såkalla blanda delirium (Ranhoff, 2020, s. 459).

2.1.3 Førebygging og behandling av delirium

Både førebyggjande og behandlande tiltak bør gjennomgåast ved delirium, og gjennom integritetsbevarande sjukepleie skal dei grunnleggande behova hjå pasienten ivaretakast (Ranhoff, 2020, s. 467). Kirkevold (2020, s.86) beskriv dette som å ivareta behov for næring, væske og oksygen. Vidare skal sjukepleiar drive førebyggjande- og helsefremjande arbeid for at kroppens funksjonar og struktur skal oppretthaldast. Sjukepleiar skal anerkjenne og respektere pasienten sin identitet og rett til sjølvstendige avgjersle, samt vektleggje behov for sosial kontakt.

At sjukepleiaren evnar å sjå problem før dei oppstår eller utviklar seg til å bli alvorlege er ein viktig del av sjukepleiaren si rolle (Kirkevold, 2015, s. 203). Ranhoff beskriver at det er god vitskapeleg dokumentasjon på at førebygging nyttar, og at fleire studiar gjort av blant anna Sidiqqi et al., og Inouye et al., innehar sjukepleietiltak som førebygging (Ranhoff, 2020, s. 466). Avdelingar som tek hand om pasientar med høg risiko for utvikling av delirium bør ha fokus på generelle førebyggjande tiltak (Ranhoff, 2020, s. 466). Neerland et al., (2013, s. 1598) beskriv at opplæring av helsepersonell for å setje tiltaka i system er viktig, og at ein arbeidar for godt tverrfagleg samarbeid mellom profesjonar for å redusere førekomst.

Ein finn ikkje ei spesifikk behandling av delirium, men ved å behandle eller fjerne utløysande årsak, korrigere ubalanse, optimalisere den medisinske behandlinga, gje god pleie og omsorg i eit trygt og godt miljø kan ein oppnå god behandling og reversering av delirium (Ranhoff, 2020, s. 467; Juklestad & Aarre, 2018, s. 249).

Eg vel å utdjupe dei aktuelle tiltaka for drøftinga. Sjå vedlegg 2 for utvida tabell av tiltak frå Neerland et al., (2013, s. 1599).

2.1.3.1 Aktuelle tiltak

Tilrettelegging for god ernæring for å hindre under- og feilernæring er sentralt (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 116). Tretteteig & Stensson (2020, s. 116) beskriv vidare at ein som helsepersonell må kunne tilby variert, innbydande og næringsrik kost, og bidra til mating hos pasientane som treng det. Det er ikkje alltid tilstrekkeleg å overlate pasienten til seg sjølv i matsituasjon, og mange pasientar synast at det er trist å ete aleine (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 116). Tilrettelegging for tilstrekkeleg væske er naudsynt for å unngå dehydrering og forstopping (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 116).

Legge til rette for aktivitet kan gjerast ved å motivere pasienten og sørge for at pasienten har hjelpemiddel tilgjengeleg (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 116). Mobilisering opp i sitjande stilling er heldig for oksygenopptak og orientering (Ranhoff, 2020, s. 466). Mobilisering er særleg aktuelt for å førebygge liggesår, aspirasjonspneumoni og djup venetrombose hjå pasientar i hypoaktivt delirium (Neerland et al., 2013, s. 1599)

Rapporten til Næss et al., (2019, s.55) beskriv at medverkande faktor til underdiagnostisering kan vere at pasienten er innlagt på avdelingar der personell har kompetanse knytt til organsjukdom, og ikkje den multisjuka og geriatrike pasienten. Vidare beskriv dei at personell med kunnskap om geriatri, og dei spesielle utfordringane dei multisjuka eldre har, bør ta over omsorga for pasientar i delirium.

I dialogar bør ein person prate om gongen med korte og enkle setningar (Ranhoff, 2020, s. 466; Tretteteig & Stensson, 2020, s. 118). Gjentakande orientering trekk Tretteteig & Stensson fram (2020, s. 117): kven du er og di rolle, samt fortelje pasientane kor dei er og at dei er trygge. Klokke og kalender innanfor synsfelt kan vere orienterande (Tretteteig &

Stensson, 2020, s. 117). God kognitiv stimulering kan vere å prate om tidelegare opplevingar, gjerne i lag med pårørande. Pårørande, eller andre nære relasjonar, kan og i følgje Ranhoff (2020, s. 466) vere bidragsytar for realitetsorientering og informasjon, samt komme med opplysningar om endringane hjå pasienten har komme over tid, eller har komt gradvis (Neerland et al., 2013, s 1596). Pårørande, eller andre nære relasjonar, kan også i følgje Ranhoff (2020, s. 466) vere angstdempande.

For intensivpasientar inneligande over 48 timar er det anbefalt å skrive dagbok for, eller ilag med pasienten. Dette kan bidra til førebygging av vidare delirium, ved at pasienten får ei forståing for kva ein er/har vore igjennom og kan fylle hol i hukomelsen (Fjerstad & Lang, 2013, s.1086). Det blir og i same artikkelen sagt at det kan vere hjelpemiddel for pasienten og pårørande for letting av etterarbeid etter delirium.

Som hjelpemiddel til å vurdere om behandling/tiltak har effekt, eller tilstand er i utvikling, kan døgnytmeskjema nyttast (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 118). Kvar time gjennom heile døgnet, til deliriumet er over, blir tilstanden til pasienten koda med ulike fargar, eksempelvis uro, søvn, aggresjon (Tretteteig & Stensson, 2020, s. 117).

Ingen legemiddel har vist positiv effekt på prognosane ved delirium, då dei fleste kan forlenge og forverre tilstanden (Watne & Wyller, 2018). Ein kan ved uro, om pasienten står i fare for å skade seg sjølv eller andre, er forstyrrande eller skal gjennom undersøkingar som er naudsynte for diagnostikk vurdere medikamentelle tiltak (Ranhoff, 2020, s. 467).

2.1.4. Kartlegging og diagnostisering

Delirium kan ikkje diagnostiserast av blodprøver eller billeddiagnostikk aleine, derfor står bakgrunnshistorikk, klinisk undersøking og observasjonar gjennom døgnet sterkt i diagnostiseringa (Ranhoff, 2020, s. 462). I Følgje Evensen et al., (2019) bør ein nytte diagnostiske kriterium som registrerer endring i merksemd og medvit, beskriver utviklinga med eventuelle variasjonar, om orienteringsevna, språk, hukommelse eller synstolking er endra. Ved funn i ein av desse er ein anbefalt å nytte 4A-testen (4AT) som dei seinare åra er utvikla og validert, og no anbefalt å bruke i sjukehus når ein skal erkjenne delirium (Hendry et al., 2016). Den kan og nyttast i legevakt, sjukeheim og i ambulansetenesta, men er der lite

vitenskapelig utprøvd (Ranhoff, 2020, s.462). Kartlegginga kan utførast i daglegdagse samtalar eller i stell situasjonar og fokusera på vaktsemd, mental vurdering, merksemd og akutt endring/fluktuasjon i tilstand. Verktøyet bør nyttast på kvar vakt til pasientar i risiko for utvikling av delirium (Ranhoff, 2020, s 462). Ranhoff seier og at observasjonane vil bli gjort automatisk om ein innarbeider dette som rutine. Observasjonar gjort over tid, med samstundes dokumentasjon og vidareformidling av opplysningar til samarbeidande vil kunne bidra til tideleg identifisering av symptoma, tideleg sette i gong behandling som reduserer liggetid og betrar prognosen ved heimreise (Ranhoff, 2020, s. 262).

2.1.4.1 Differensial diagnostikk

Den svekka kognitive funksjonen ser ein ofte hjå pasientar i delirium, men og hjå pasientar med demens, akutte psykosar og depresjon (Evensen et al., 2019). Demenssjukdomane er kroniske tilstandar med gradvis svinn av hjerneceller og har symptomvarigheit over 6 månadar, sett opp mot delirium som er akutt med reverseringsmogelegheit om oppdaga og behandla (Ranhoff, 2020, s. 460-461). Det same kan ein og sjå om ein samanliknar depresjon og hypoaktivt delirium; depresjon bidreg til at pasient lukker seg inn, blir apatisk og får mental dysfunksjon over tid, utan somatisk sjukdom eller skade som årsak (Ranhoff, 2020, s. 461). Nokre tilfelle av delirium kan vere umogeleg å skilje frå akutt reaktiv psykose, men den viktigaste skilnaden er at delirium har ein organisk bakanforliggende årsak medan psykosen er anten leidd av psykiatrisk sjukdom som schizofreni eller utløyst av kraftig psykisk stimuli (Ranhoff, 2020, s. 461).

2.1.5 Prognosar og konsekvensar av delirium

Watne & Wyller (2018) beskriv delirium som vanleg og alvorleg, og kallar det eit folkehelseproblem. Funksjonssvikt, forlenga liggetid i sjukehus og auka kostnadar er moment forbunde med delirium (Ranhoff, 2020, s. 458). Rapporten til Søvde og Wang-Hansen (2019, s. 55) beskriv at liggetida i sjukehus til pasientane som har utvikla delirium varte to dagar lenger enn dei pasientane som ikkje utvikla delirium. I meta-analysen «Delirium in Elderly Patients and the Risk of Postdischarge Mortality, Institutionalization, and Dementia» (Witlox

et al., 2010, s. 446) legg dei og fram at risikoen for institusjonalisering eller dødelegheit etter delirium er auka.

Ved hyperaktivt delirium kan pasientane utgjere ein fare for seg sjølv, profesjonar eller medpasientar (Ranhoff, 2020, s. 459). Ved hypoaktivt delirium er konsekvensen at det ikkje blir oppdaga, eller oppdaga seint, og behandling ikkje vert iverksett (Ranhoff, 2020, s. 459).

Litteraturen beskriv delirium som ein draumeliknande tilstand med innhald av skremmande art som gav pasienten kjensla av å stå utanfor seg sjølv utan kontroll over eigen kropp (Ranhoff, 2020, s. 461). Dette er og påpeika i artikkelen «“Eight Days of Nightmares . . .” – Octogenarian Patients’ Experiences of Postoperative Delirium after Transcatheter or Surgical Aortic Valve Replacement» (Instenes et al., 2018). Pasientane hugsar hendingane, og ein har i følgje kronikken « «Dantes Inferno» - psykologisk førstehjelp ved postoperativt delirium» sett at pasientar kan trenge psykologhjelp i etterkant for å bearbeide opplevinga (Fjerstad & Lang, 2013). I samtale med eldre som har gjennomgått delirium, har mange ytra at dei er plaga med kjensla av å ha «oppført seg dårleg» (Watne & Wyller, 2018).

2.2 Grunnleggande sjukepleie.

2.2.1 Hendersons definisjon av sjukepleiefunksjon

Henderson omtalar alle som mottar sjukepleie for pasienten; ein person som ikkje klarar å ta hand om helseutfordringa på eiga hand (Mathisen, 2015, s. 127). Ho beskriv vidare at god sjukepleie er å hjelpe pasienten der han er, og bidra til at pasienten klarer å utføre det han ikkje klarar sjølv. Ved å bygge vidare på Florence Nightingale sine argument om kompetent sjukepleie, hevda Virginia Henderson at sjukepleia sine grunnleggande formål er å ivareta grunnleggande behov, det vere å puste, ete, sove, vere i aktivitet (Mathisen, 2015, s. 121). Gjennom grundig refleksjon kom Henderson i 1955 fram til ein definisjon som i dagens sjukepleipraksis står sterkt (Mathisen, 2015, s. 125-126):

«Sykepleierens enestående funksjon består i å hjelpe mennesket, enten det er sykt eller friskt, til å utføre de handlinger som bidrar til helse eller gjenvinning av helse (eller en fedfull død), som dette mennesket ville ha utført uten hjelp hvis det hadde hatt den nødvendige styrke, vilje eller kunnskap til det. Hennes funksjon er å gjøre dette på en måte som hjelper han til å blir selvstendig så raskt som mulig» (Henderson, 1998, s. 10)

Betydninga av teorien til Henderson er at ein skal behandle heile mennesket; den enkelte pasient har rett til å vere eit unikt menneske med unike reaksjonar (Mathisen, 2015, s. 132).

Henderson meiner at ein må identifisere hjelpebehova til pasienten for å kunne gi pasienten individuell sjukepleie, og oppgir 14 behov som er grunnleggande for pasienten, og (Henderson, 1998, s. 46–47): Puste normalt, ete og drikke tilstrekkeleg, kvitte seg med avfallsstoff, bevege seg eller endre kroppstilling, tilstrekkeleg søvn og kvile, kle av og på seg rette klede, oppretthalde kroppstemperatur, rein og velpleidd kropp og beskytta hud, unngå fare frå omgjevnadar eller å skade andre, kunne gjennom kommunikasjon gi uttrykk for kjensler, utføre handlingar i pakt med religion, ha oppgåver som gjev kjensle av prestasjon, kunne leike og delta i ulike former for rekreasjon, kunne lære å oppdage og tilfredsstillе nysgjerrigheita som fører til utvikling av god helse.

Henderson meiner det vil bli gitt mangelfull sjukepleie til pasienten om ein trur at desse 14 forholda utartar seg likt hos alle pasientar (Mathisen, 2015, s. 129). Henderson ytrar seg om permanente forhold som varer over tid som alder, temperament, sosial status, fysisk og intellektuell kapasitet som blir påverka av forhold som sjukdom kan medføre (Mathisen, 2015, s. 129). Henderson beskriv at ein som sjukepleiar må inneha kunnskap om sjukdom sine årsaker og forlaup for å kunne bidra med heilskapleg sjukepleie (Mathisen, 2015, s. 129).

2.3 Overordna føringar for sjukepleie

Som retningsstyrande bakgrunn, regulerer lovverket pliktar for sjukepleiarar og rettigheter for pasientane, medan yrkesetisk retningslinjer beskriv korleis sjukepleiar skal handtere yrket i samband med pasient, pårørande eller kollega.

Helsepersonellova (heretter HPL) § 4 beskriv at ein skal yte fagleg forsvarleg og omsorgsfull helsehjelp som kan forventast utifrå kvalifikasjonane til helseytar, karakter av arbeid og situasjon (1999). Jamfør HPL § 39 pliktar ein å føre journal for den enkelte pasient (1999). Innhaldet skal vere relevant og naudsynt informasjon om pasienten og helsehjelpa den mottek, og vere lett forståeleg for anna helsepersonell (helsepersonelloven, 1999, § 40).

Jamfør HPL § 21 (1999) pliktar sjukepleiar å hindre uvedkommande tilgang i pasientens helseopplysningar.

Pasient- og brukarrettslova (heretter PBL) § 3-2 beskriv retten pasienten har til informasjon om sin tilstand og innhaldet i helsehjelpa (1999). Jamfør PBL § 3-5 skal informasjonen gjevast hensynsfullt og vere tilpassa mottakar si forutsetning: alder, modenheit, erfaring, kultur- og språkbakgrunn (1999). PBL vektlegg at pasient må ha fått tilstrekkelig informasjon om sin helsetilstand til å ta sjølvstendige val i behandlinga (1999, § 3-1).

Dei yrkesetiske retningslinjene gjev grunnlaget for menneskets liv og ibuande verdigheit skal bli respektert på ein barmhjertig, omsorgsfull og respektfull måte for menneskerettighetane (*Yrkesetiske retningslinjer*, 2019). Retningslinjene beskriv kva som ligg til grunn for sjukepleia, etisk refleksjon, sjukepleiar sitt ansvar i førebygging av sjukdom og fremming av helse. Blant desse står ivaretaking av pasienten sine behov, bidra til tilstrekkeleg og forståeleg informasjon, samhandling med pårørande, tverrfagleg samarbeid i alle ledd av helsetenesta og bidra til fagleg forsvarleg utforming av helsetenesta.

3. Metode

Dette kapitlet beskriv metoden som er valt, korleis søkeprosessen har blitt gjennomført, databasar brukt i søk, korleis analysen har blitt utført, kritikk av metode og etiske refleksjonar.

3.1 Val av metode

Som metode i denne oppgåva har eg valt litteraturstudie. Hensikta med litterærstudie er å gje ei oppdatert og brei forståing av aktuell kunnskap på området som problemstillinga handlar om (Thidemann, 2019, s. 77). Det inneber å hente inn data frå allereie eksisterande fagkunnskap, teori og forskning (Dalland, 2020, s. 199). Ved å hente inn litteratur om valt tema, vurdere den kritisk og samanfatte det, får ein systematisert kunnskapen som er eit hensiktsmessig element i litteraturstudien (Thidemann, 2019, s. 77). Eg opplevde det hensiktsmessig å søke systematisk i databasar, men og manuelle søk blei gjort då relevante artiklar dukka opp i dei ulike forkingane (Thidemann, 2019, s. 81).

3.2 Søkehistorikk og val av søkemotor

Før søkjesprosessen utarbeidde eg eit PICO skjema som kan sjåast i vedlegg 3. PICO er eit nyttig hjelpeverktøy som strukturerer og klargjer spørsmålet før litteratursøk, utveljing og kritisk vurdering av forskning til svar av problemstillinga (Helsebiblioteket, 2021).

3.2.1 Søkehistorikk

Innleiingsvis i søkeprosessen nytta eg tida til orientering kva som fans av forskning om tema. Søka blei gjort i Academic Search Elite, MEDLINE og SINAHL fulltext. I forsøk på å utføre systematisk søkeprosess involverte eg få søkeord: Delir* (delirium), Non-medic* (Non-medical), Non-pharm* (Non-pharmacological) og manag* (management). Eg inkluderte også famil* (family) som eit søkeord for å sjå om det gav meir om familiebruk i behandling. Eg laga meg ei inklusjon- og eksklusjon liste som kan sjåast i vedlegg 4.

3.3 Analyse og kritikk av kjelder

Med avgrensingar i søket enda eg opp med 159 artiklar eg las overskriftene på. Dei overskriftene som var utanfor oppgåva, eksempelvis barn, lindrande behandling eller medikamentelle tiltak blei ekskludert. 11 artiklar stod att som utifrå relevante etter å lese abstrakt. Vidare gjorde eg eit overordna søk på delir* med avgrensing norsk som gav 53 treff. 4 artiklar stod att som relevante for mi problemstilling. Nokre av artiklane var og artiklar som eg hadde funne frå før ved manuelt søk. Søkehistorikk kan sjåast i vedlegg 4.

Mange av artiklane som fans, var systematiske oversiktsartiklar. Dei er i teorien beskrive som gode artiklar fordi dei er samanfatta som ei oppsummering av relevante forskingar og eksisterande kunnskap (Universitetet i Oslo, 2015). Kvalitative forskingar er vald for å få forståing av erfaringane til sjukepleiarar og dermed skape tyngde på oppgåva (Thidemann, 2019, s. 76).

Med alle avgrensingane enda eg opp med 4 artiklar eg opplevde svara på problemstillinga mi. Studiane er to kvalitative og to systematiske oversiktsartiklar. Desse er vurdert gjennom sjekklister for kvalitativ og kvantitative artiklar på helsebiblioteket (Helsebiblioteket, 2021). Eg valte å bruke kvantitativ sjekkliste på den systematiske oversiktsartikkelen, sidan det ikkje fantes kvalitetskontroll liste på norsk for denne metoden. Det er utarbeida litteraturmatrise over artiklane som beskriv intervensjonar, funn og konklusjonar (Vedlegg 6).

3.4 Kritikk av metode

Forfattar har lite erfaring i gjennomføring av litterærstudie samt at prosessane med tolking av forskning på andre språk, kan gje rom for feiltolking. Ved bruk av fleire og andre databasar i søket, kunne betre søkestrategi gitt breiare utval av artiklar, og kanskje betre relevans.

3.5 Ethiske refleksjonar

Oppgåveskriving krev kunnskap om etikk og forskningsetikk. Akademiske normer for kjeldetilvising og referansar må overhaldast, og ein må vere bevisst på plagiering

(Thidemann, 2019, s. 12) Det er utarbeidd ei lov der formålet er å fremje god og etisk forsvarleg forskingskultur (Helseforskningsloven, 2008, § 1). Pasienten «Per», er ein fiktiv mann, basert på fleire av tilfella eg har opplevd, og kan ikkje verifisere ein spesifikk pasient. Forskingsartiklane som er nytta i drøfting har vore basert på frivilligheit, anonymitet, og samtykke slik eg tolkar det av forskingane (Thidemann, 2019, s. 12).

4. Resultat/funn

Det blei valt ut 4 artiklar til litteraturstudien. Etter vurdering av desse fann eg tre tema eg ynskte å presentere:

4.1 Kunnskap og erfaring

Studien til Vassbø & Eilertsen (2014, s. 61) hadde som hensikt i sin studie å undersøke sjukepleiar sine erfaringar rundt identifisering, førebygging og behandling av delirium. Dei fann variasjon i kunnskap og erfaring i løpet av dei ulike fasane ved hoftebrot. Blant anna; sjukepleiarar i innkomstfasen kjente til delirium som ein konsekvens hjå eldre seinare i innleggelsen, og hadde ei avventande haldning til å handtere delirium. Nokre var meir merksame på risikoane og sakna faste rutinar for systematisk identifisering og rapportering og at sjukepleiarar la vekt på vanskane med å oppdage delirium hjå pasientar med demens i botn (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 63). Som ei samla vurdering opplever Vassbø & Eilertsen (2014, s. 66) behov for auka kompetanse til betring i kvaliteten av sjukepleiepraksis av pasientar innlagt med brot. I konklusjonen blei det vektlagt eit behov for utvikling og implementering av rutinar og evidensbaserte prosedyrar gjennom heile pasientforløpet for kunne gi god behandling, rehabilitering og omsorg ved hos eldre i framtida då andelen eldre er aukande (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 70).

Ved postoperativ fase finn Vassbø & Eilertsen (2014, s. 65) at sjukepleiar ikkje har forstått samanhengen mellom apati og hypoaktivt delirium, og heller ikkje risikoen det er forbundet med. Liknande funn fann Yevchak et al., (2012, s. 158).

Seks av studiane som blir nytta i Lee et al., (2021, s. 13) si samanfating er publisert innanfor dei siste fem åra, noko som kan indikere auka interesse for korleis førebyggje og behandle delirium. På same tid vektlegg dei at førekomsten framleis er høg.

Yevchak et al., (2012, s. 155) fann at sjukepleiarane såg på akutt funksjonssvikt som ein vanleg trend hjå eldre som kom til sjukehus, med bakgrunn i at dei kom til nye omgjevnadar. Dei såg og endring i pasientens konfusjon når natta kom hos pasientar som ikkje hadde kognitiv svikt i botn. Sjukepleiarane kunne fint beskrive symptom på hyperaktivt delirium,

men det kom ikkje fram at dei erkjente hypoaktivt delirium hjå apatiske pasientar (Yevchak et al., 2012, s. 158). Dei sakna eit systemisert verktøy som kan bidra til å dokumentere delirium, då dei opplevde at deliriumet svinga mellom klårheit og konfusjon frå dag til dag (Yevchak et al., 2012, s. 156). Ein annan kjelde trekk fram utdanning av personell som ein førebyggjande faktor som gir redusert førekomst av delirium (Kim et al., 2021, s. 13).

4.2 Førebygging og behandling

Kim et al., (2022, s. 14) såg at særleg multifaktorelle ikkje-medikamentelle intervensjonar reduserte førekomst av delirium. I vedlegg 7 ligg oversikt over dei ulike intervensjonane som er diskutert henta frå Kim et al., (2022, s. 10). Av 17 artikkelar var desse tiltaka studert mest: tideleg mobilisering (12), Orientering (10) og ernæring (9). Av dei mest undersøkte var alle multifaktorelle intervensjonar, utan om ein artikkel om mobilisering (Kim et al., 2022, s. 10).

Lee et al., (2021, s. 12) fokuserte på førebyggjande og behandlande intervensjonar som: multifaktorelle intervensjonar, ernæring, søvn, orientering, tverrfagleg omsorg, multimedieundervisning, musikklytting, rettleiing av omsorgspersonar om delirium, eksponering for sterkt lys, øyrepluggar, simulert familienærvær ved bruk av førehands innspelte videoar, inkludering av familie og kognitive aktivitetar. Tid for igangsett intervensjon varierte mellom dei studerte artiklane; frå sjukehusinnlegging (4 studiar), før operasjon (2 studiar), etter operasjon (1 studie) og etter oppdaga delirium (2 studiar). To studiar gav intervensjon ein gang, medan resten gav intervensjonar periodisk og gjentatte gonger. Tidsbruk ved intervensjon varierte mellom minutt og veker (Lee et al., 2021, s. 12). Drøftinga til Lee et al., (2021, s. 15) beskriv dei gjentakande intervensjonane som suksess for handsaming av delirium.

Vassbø & Eilertsen (2014, s. 63) fann ikkje-medikamentelle intervensjonar for førebygging først i postoperativ fase, men opplevde at dette var retta meir mot førebygging av postoperative komplikasjonar som infeksjonar og trykksår. Basale tiltak som mobilisering, hygiene, god søvn, normal kroppstemperatur, ernæring, trygghet, smertelindring, kontroll av nivå på både elektrolyttar og hemoglobin blei vektlagt (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 64). Det var først ved erkjent hyperaktivt delirium at intervensjonar som søvn, kvile, skjerming,

tettare overvaking og roande medikament blei direkte retta mot delirium (Vassbø & Eilertsen 2014, s. 67).

Yevchak et al., (2012, s. 156) beskriv at informantane si tilnærming av ikkje-medikamentelle intervensjonar var basert på prøving og feiling. Bruk av frivillige/betalte «sitters» eller familie som ressurs ved senga og dialog med pårørande om normale rutinar i heimen (Yevchak et al., 2012, s. 158). Dei erfarte utrygg pasient som blei roa ved å gå, sjølv om dette tok opp kapasiteten til to av pleiarane på avdelinga. (Yevchak et al., 2012, s. 158).

4.3 Barrierer

Vassbø & Eilertsen (2014, s. 63) fann ut at sjukepleiar i den preoperative fasen fann det særleg vanskeleg å førebygge delirium. Den uføreseieleg ventetida for operasjon gjekk utover pasienten sitt behov for væske, ernæring og mobilisering. Det var vanlege behov som dei fann utfordrande å innfri (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 64). Det opplevast at sjukepleiarane i denne fasen har ein låg grad av fagleg autonomi i handteringa av pasientane i risiko, på grunn av forseinkingar i forlaupet av operasjon (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 67). Informasjon om pasient var betre om pasienten kom frå institusjon (Vassbø & Eilertsen, 2014, s.67). Dei opplevde at det først i utskrivingsfasen var fokus på kontakt med pårørande for kartlegging om pasienten og heimesituasjon (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 67).

Barrierar identifisert i Yevchak et al., (2012, s. 157) var at ikkje-medikamentelle intervensjonar var opplevd som komplekst, ressurs- og tid-krevjande samanlikna med medikamentelle intervensjonar. Å setje ekstra ressursar på den eldre med delirium reduserte kapasiteten av ressursar på andre avdelingar og avleiande aktivitetar som turgåing blei brukt sjeldnare pga tida det tok frå andre pasientar og daglege oppgåver i avdelinga (Yevchak et al., 2012, s. 156).

5. Drøfting

I drøftinga knytte eg teorien opp mot forskning og egne erfaringar for å svare korleis ein som sjukepleiar kan yte god ikkje-medikamentell behandling til eldre i delirium.

5.1 Kunnskap og erfaring - vegen til god behandling

Delen eldre ser eg er ca. 1/5 del av Noregs befolkning. Med forventa auke i eldre befolkning i framtida, er solid kunnskap om risikoen dei står i ved ei sjukehusinnlegging sentral. Dette sammenfell med konklusjonen til Vassbø & Eilertsen (2014, s. 66).

Ved manglande kunnskap eller erfaring, kan den korte tida mellom tilsynelatande frisk og symptom på delirium overraske ein. Eg har som nemnt erfart kor fort det kan gå frå frisk til sjuk. Det samsvarar også med erfaringane til sjukepleiarar i norske sjukehus (Vassbø & Eilertsen, s. 63). Delirium utviklar seg raskare enn demens (Ranhoff, 2020, s. 460-461), samstundes toppar demens trona på sårbarheitsskalaen (Figur 1) for predisponerande årsaker som treng lite påverknad av utløysande årsaker (Ranhoff, 2020, s.465). Dette bekreftar òg Neerland et al,. (2013, s. 1598) Tretteteig & Stensson (2020, s. 464) og Ranhoff (2020, s. 465).

Ein ser også at sjukepleiarar ikkje ser samanhengen mellom dei førebyggjande tiltaka for postoperative komplikasjonar og førebygging av delirium (Vassbø & Eilertsen, s. 65), og at særleg hypoaktivt delirium ikkje blir erkjent slik som Ranhoff (2020, s.459) beskriv. Det verkar som at sjukepleiarane innehar kunnskap om predisponerande og utløysande faktorar for delirium, men erfaringane bidreg ikkje til endring i organisering og systematikk for å redusere faktorane (Vassbø & Eilertsen, 2014, s. 67). Påstanden støttast i oversiktsartikkelen til Neerland et al,. (2013, s. 1596). Med bakgrunn i Lee et al,. (2021, s.13) sin påstand om auke i forskning på handtering av delirium siste åra, kan det vere anna praksis i sjukehus i dag.

Hypo- og hyperaktivt delirium som ikkje vert erkjent blir trekt fram som fokus både i teorien til Ranhoff (2020, s 459) og forskingane til Yevchak et al,. (2012, s. 158). Sjukepleia skal bygge på forskning, erfaringsbasert kompetanse og brukarkunnskap, og det er opp til kvar enkelt sjukepleiar å tileigne seg denne kunnskapen beskriv dei yrkesetiske retningslinjene

(Yrkesetiske retningslinjer, 2019). Drøftinga til Lee et al., (2021, s 13) seier ein må ha fokus på utdanning i førebygging av delirium. Eg ser på kunnskap som grunnpilaren til å redusere førekomsten og konsekvensane delirium gjer. Dette samsvarar også med utsagna til Neerland et al., (2013, s. 1598) om fokus på opplæring for å setje tiltak i system.

Fokus bør rettast mot kompetansen hjå sjukepleiarane som skal handtere denne pasientgruppa. Sjølv om ein arbeider på ei avdeling med ortopediske pasientar, må ein hugse at pasienten «er ikkje berre ein broten fot», men eit menneske med samansette behov slik Henderson dreg fram i sin sjukepleie teori (Mathisen, 2015, s. 121). Ein må og sjå at sjølv om ein førebygger postoperative komplikasjonar, er mange faktorar der medverkande til å førebygge delirium. Vassbø & Eilertsen (2014, s. 64) meinte at sjukepleiarane ikkje hadde erfart samanhengane mellom desse. Dette kan ein sjå samsvarer til rapporten til Næss et al., (2019, s 55). Eg tenkjer at med eit kritisk blikk kan dette vere motstridane til yrkesetiske retningslinjer og Henderson sin teori om heilheitleg sjukepleie.

5.2 Korleis behandle med ikkje-medikamentelle intervensjonar?

«Vegen ut av delirium kan vere god sjukepleie» skriv legen Rune Arild Larsen i sin erfaringsartikkel. Tretteteig & Stensson (2020) og Kirkevold (2020) beskriv tiltak som ein ser att i forskingane til Kim et al., (2022, s. 6) og Lee et al., (2021, s. 12). Ein ser og klare linjer til Henderson sine 14 grunnleggande behov (Henderson, 1998, s. 10).

For å korrigere smerter har ein smertelindrande medisinar, mot infeksjonar har ein antibiotika. Mot delirium finnast ikkje ein spesifikk behandling ein kan nytte. Behandlinga baserer seg på kva årsakar ein finn gjennom gode observasjonar av pasienten, og behandle dette. Rask målretta behandling av utløysande årsak, i trygge og gode miljø kan bidra til reversering av delirium (Juklestad & Aarre, 2018, s. 249; Ranhoff, 2020, s. 467).

Sjølv om eksempelvis ein infeksjon er under korrigering, må ein halde fram med å førebygge dei momenta som kan vedlikehalde delirium som eksempelvis underernæring, dehydrering og obstipasjon. Den eldre er framleis i særleg risiko for utvikling av delirium, sjølv om antatt årsak er under korreksjon. Dette støttar Neerland et al., (2013, s. 1599). Ein må ivareta pasienten sin behov for heilskapleg omsorg, og sørge for ei samansett behandling og

førebygging som er retta mot den enkelte pasient. Den multifaktorelle intervensjonen støttast av både Lee et al., (2021, s. 14) og Kim et al., (2022, s. 15). Det speglar seg og i sjukepleieteorien til Henderson (Mathisen, 2015, s. 132) og dei yrkesetiske retningslinjene (2019). Under er ei drøfting av nokre av tiltaka som har vore analysert i forskingane.

5.2.1 Ernæring og væske.

Som sjukepleiar må vi hjelpe pasienten med det han ikkje klarar sjølv, slik Henderson beskriv (Henderson, 1998, s. 10). Ein ynskjer ikkje at pasientane skal bli underernærte eller lide av obstipasjon, det kan vere risikofaktor for delirium. Erfaringsmessig et pasientane betre om måltidet ser freistande ut, det er utruleg kva fargerike grønnsaker eller bær kan gjere, også til dei som må ha hjelp med mating. Samstundes å ha tilstrekkeleg tilgong på frisk drikke gjennom dagen. Tretteteig & Stensson (2020, s. 116) støttar dette.

